

## DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

### Rapport for 2017

Stord kommune fekk kr 116 000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune i 2017. Eldre i institusjon fekk tilbod om 13 ulike kulturarrangement. I tillegg til Stord kulturskule sine arrangement i Stord kulturhus, var dei fleste vist på dei tre institusjonane: Stord sjukeheim, Stord rehabiliteringssenter og Knutsåsen omsorgssenter. I alt 29 visningar.

**Bart Clavier**, har vitja Stord 2 gonger med « Vår beste dag». 15. mars og 11. oktober. Dei held 3 konsertar kvar av dagane ved Knutsåsen omsorgssenter, Stord rehabiliteringssenter og ved Stord sjukeheim.



**Sissel Kvambe** vitja Knutsåsen omsorgssenter og Stord sjukeheim 20. og 21. april



**Naturprogram med Jan Rabben.** Tema var plante- og dyreliv i Sunnhordland. Biletframsyning basert med anna på den siste boka til Jan Rabben «Ville blomar i Sunnhordland».

4. 6 og 13 september. Ved Knutsaåsen omsorgssenter, Stord sjukeheim og Stord rehabiliteringssenteret .

**«Brødet frå havet»** v/Johanne Øvstebø Tvedten og Alise Jonassen. Ei framsyning med opplesing og musikk, basert på *Anna Gyria* av Johannes Heggland.

22. og 23. november ved Knutsaåsen omsorgssenter og Stord sjukeheim  
*Arrangør: Stord og Fitjar folkebibliotek*

**Syng meg heim – Forfattar Atle Hansen** med musikk og opplesing frå boka *Syng meg heim* - ei frodig og poetisk kjærleikserklæring til musikken, havet og kjærleiken.

Tre framsyningar den 8. november. Ved Knutsaåsen omsorgssenter, Stord rehabiliteringssenteret og Stord sjukeheim.

*Arrangør: Falturiltu- nynorsk barnelitteratur festival*

**Stord kulturskule** stod for 6 samlingar i vestibylen i Stord kulturhus.

Konsertdel med ulike gjesteopptreden, allsong og dans. Sentrale aktørar var Trio Vest og dansepedagog Madel Carlsen, Ingjerd Kolstad og Alise Jonassen.

I samarbeid med Røde kors var det servering av kringle og kaffi. Dei eldre vert følgt til kulturhuset. Eit ekstra løft og god planelegging frå dei tilsette gjer at brukarar får ei god oppleving utanfor institusjonen.

Gjester i år har vore Webjørn Sæther, saksofon og Fredrik Horn, piano. Johanne Øvstebø Tvedten frå Sunnhordland museum har fortalt historier. Arnt Birkedal, forfattar har hatt opplesing, og det har vore dans til musikk av Anna S. Prokofiev og C. Debussy Anne.



**Trio Malmsten** består av Maria Malmsten (sang) Einar Steinkopf (gitar) og Tiril Einarsdotter (fiolin). Dei presentere eit variert program tilpassa ulike målgrupper med klassiske perler, lokale folketonar, svenske og norske folketonar og kjente viser.



25. og 26 november ved Knutsåsen omsorgssenter , Stord rehabiliteringssenter og ved Stord sjukeheim.



Konsert 11. desember ved [Knutsåsen omsorgssenter](#) og 12. desember ved [Stord rehabiliteringssenter](#):

**Hjertesang** ved Brith Sissel Barsnes Bjordal  
16. desember ved [Knutsåsen omsorgssenter](#) og [Stord sjukeheim](#)

## Økonomi 2017

Tilskot frå Hordaland fylkeskommune kr 116 000

	Utgifter	
Sissel Kvambe	kr	9 600
Kulturskulen	kr	60 000
Bart Clavier	kr	18 000
Bart Clavier	kr	20 000
Trio Malmsten	kr	19 586
Tenorane	kr	20 000
Biblioteket	kr	12 000
Falturiltu	kr	20 000
Hjertesang	kr	6 600
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>185 786</b>

Stord 16. mars 2018

Guri Andresen Aksnes  
Kulturkonsulent/nestleiar Kulturtenester